



Kristian Bringedal fortel om øvre del av Uskedalen framfor Friheim gardsmat. Professor Dag Helland til høgre og vertinne Bjørg Inga Miljeteig til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen er i ferd med å verta ein attraksjon. På anna vis kan ein knapt tolka det faktum at det laurdag ettermiddag gjekk to guida bussturar gjennom bygda. Kristian Bringedal, kultursjefen som i realiteten også er turistsjef, gjorde ein stor jobb med å formidla informasjon.

Første busslast var stort sett bestående av universitetsfolkfolk frå Bergen. Og ikkje berre det – dei 55 i bussen var medlemmer av noko så eksklusivt som Selskabet til Videnskapens Fremme. Dette selskap blir leia av preses Dag Helland, ein av de tre professorane Kvinnherad kan skryta av å ha for tida. Helland er frå Valen medan kona er fra Uskedalen (Henny født Kristiansen).

- Vi har ein slik forsommarekursjon kvar vår på Vestlandet og i år kom turen til Kvinnherad, som har utruleg mykje spanande å by på både med omsyn til natur, kultur og næringsliv, sa preses Helland til uskedalen.no. No er han heime att etter 8 år i New York der kona forresten var primus motor på sjømannskyrkja.

Den lokalkjende Helland hadde laga ein timeplan som kunne ta pusten av nokon kvar. Før det ein kan kalla ein kulturhistorisk rundtur i Uskedalen var gruppa mellom anna innom Harding og skulle også vitja Sørøl før jazzkonsert i Kvinnheradkyrkja.

I Uskedalen hadde dei stopp på Friheim der dei fekk sjå og bli imponert over kva ein kreativ familie kan få ut av eit steinrikt bruk innunder eit spektakulært fjell. Sjølvsaft fekk dei også smaka både på geit og hjørt. Medan Bergen-gruppa var der streva sju andre bergansarar seg oppover mot Nåso- toppen, men det er ei anna historie....

Den andre busslasta som vart guida av Bringedal gjennom Uskedalen laurdag hadde betre tid. Det var ein losje med base på Stord.

Av Ola Matti Mathisen



Selskabet til Videnskabens Fremme på Friheim laurdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)